

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2013-0067	<b>Søknadsår</b>	2013	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Bolyst 2013			
<b>Prosjektnavn</b>	Sjekk Nordmøre - med fokus på vertskap og rekruttering.			

### Kort beskrivelse

Gjennom samarbeid mellom Surnadal og Sunndal vil vi sette fokus på eit heilheitleg integrering- og inkluderingsarbeid på Nordmøre, enten du er heimattflyttar, arbeidsinnvandrar, flyktning, anna tilflyttar eller grunna familigjenforening. Vi vil løfte fokus frå ei rein marknadsføring over til eit auka fokus på bolyst, gjennom gode grep i ei utstrakt vertskapsrolle. Vi vil bli betre på å ta imot tilflyttarar slik at dei ønsker å bli buande!

### Prosjektbeskrivelse

Surnadal og Sunndal kommune har det siste året starta på eit tett samarbeid og erfaringsutveksling på fleire viktige område, som næringsutvikling og bosetting av flyktningar. Dette har heile tida vore godt forankra, politisk gjennom felles formannskapsmøter, og administrativt gjennom møtevirkosomheit mellom aktørane i virkemiddelapparatet lokalt. Det ligg og ein mulighetsstudie til grunn som seier noko om gevinstane av eit godt samarbeid om næringsutvikling i Sunndal – Surnadal.

All statistikk viser at tilflytting og rekruttering av kompetent arbeidskraft vil bli ei av dei store utfordringane for regionen framover, og det er liten tvil om at dette arbeidet må løftast høgt og prioriterast. Dette er og godt forankra i samfunnsdelen i kommune-planane, og vidareført i næringsplanane. Talet på dei som går ut av yrkesaktiv alder aukar mykje i både kommunane i åra framover. Låge fødselstal frå årtusenskiftet og framover vil føre til reduserte ungdomsgrupper å rekruttere frå om ti år. Om vi ser på auken i gruppa som går ut av yrkesaktiv alder og reduksjon i aldersgruppa på tur inn i yrkeslivet, vil det 5 – 10 år fram i tid vere snakk om eit årleg gap på om lag 35 og 50 personar for h.h.v Surnadal og Sunndal, samanlikna med slik det har vore dei siste 10-åra.

Kvar for seg har kommunane dei siste åra hatt ulike rekrutteringstiltak, Surnadal har samarbeidd med Placement AS, om å rekruttere tilflyttarar frå EØS-land, Sunndal har vore til Island med same formål, og Sunndal rekrutterer og mange gjennom ei aktiv og vellukka busetting av flyktningar. Surnadal har auka innslag av arbeids-innvandring, og skal byrje å busette flyktningar f.o.m. 2013. Begge kommunar har i fleire år hatt ulike kampanjar kvar for seg, mot dei såkalla heimattflyttarane, som Trondheis-treff og ulike juletreff.

Sett bort i frå busetting av flyktningar har desse prosjekta vore meir eller mindre prega av stunt arbeid, med stort fokus på marknadsføring av kommunen og næringsliv, og mindre fokus på inkludering og trivsel for å unngå vidareflytting. Samtidig har denne type tilflyttingsprosjekt gjeve oss moglegheit til å følgje tilflyttings-prosessar tett for å kunne avdekkje styrker og svakheiter i eige system og lokalsamfunn. Begge kommunar ser no eit stort behov for eit større fokus framover på vertskapsrolla og det å ønske folk velkommen på ein god måte, slik at det blir lagt eit grunnlag for

vidare inkludering og trivsel.

Vi er i startgropa av å formulere eit felles arbeid innan rekruttering, som vi har gjeve navnet "Sjekk Nordmøre". "Sjekk Nordmøre" er meint å vere overbygginga av alt som har med rekruttering å gjere, med ulike aktivitetsområde.

Av konkret aktivitet under utvikling kan nemnas Sjekk Nordmøre – Trondheimstreff, og Sjekk Nordmøre – Trainee-program (NordmørsTrainee – som har motteke tilskot frå Møre og Romsdal Fylkeskommune og begge kommunane). 12.mars skjer den formelle lanseringa av nettstaden [www.sjekknordmore.no](http://www.sjekknordmore.no) under vårt felles arrangement i Trondheim.

Det blir viktigare enn nokon gong framover å kunne svare på: Kvifor Surnadal – kvifor Sunndal – kvifor Nordmøre? Kampen om arbeidskrafta kjem til å bli hard, og vi vil starte eit meir strategisk og målretta arbeid for å skape attraktive lokalsamfunn det er godt å kome flyttande til.

Surnadal kommune er og inne i ein omfattande prosess som vil kome til nytte i Bulyst-prosjektet. Vi har valgt å bruke framtidsbilde som eit verktøy for å sjå inn i framtida. På den måten kan vi sette i verk tiltak slik at kommunen vår når måla om korleis vi ønsker å framstå i 2030. Til hjelp i denne prosessen nyttar vi konsulent-selskapet Faveo, og det viktigaste i heile prosessen er å inkludere og inspirere lokalbefolkninga. Politikarane har vedteke å bruke næringsfondet og eigne ansatteressursar til denne prosessen.

Vi vil sette fokus på eit heilheitleg integrerings- og inkluderingsarbeid, enten du tilhøyrer heimatflyttarane, arbeidsinnvandrarane, er flyktning eller kjem grunna familiegjenforening. Vi vil løfte fokuset frå marknadsføring over til eit auka fokus på bolyst! Vi vil framleis marknadsføre oss utover med tanke på rekruttering, men vi vil samstundes i langt større grad konsentrere oss om vertskapsrolla, for å skape trivsel og sørge for at tilflyttarane blir buande. Dette må stadfestast og involverast i heile lokal-samfunnet, så det vil bli ein omfattande prosess.

Målsettingar:

Vi skal, gjennom sterkare samarbeid og koordinering av aktivitetar mellom kommunane, og internt i kommunane mellom det offentlege, lag og organisasjonar og næringsliv, få folk til å trivast og bli buande. Skal vi sørge for at tilflyttarar, og da især med tanke på flyktningar og arbeidsinnvandrarar blir buande, må vi iverksette tiltak som skapar tilhøyrighet til staden.

- Dei som bur her skal trivast!  
? Det har vore gjennomført fleire undersøkingar, som Borgarundersøkinga i 2011, i kommunane dei siste åra, og resultatane av dei viser at innbyggjarane trives og er fornøgdde. Difor ser vi behovet for å rette fokuset mot dei som kjem flyttande/nyleg har flytta hit. Antal vidareflyttarar skal ned.
- Vi vil auke vår kompetanse innan vertskap  
? Vi vil reise til Haram og Herøy kommunar, som har arbeidd mykje med busetting av arbeidsinnvandrarar, og til Molde, som har gode resultat innan busetting av flyktningar. Kopla mot egne erfaringar vil det gje oss eit godt utgangspunkt for å løyse våre utfordringar

- Vi vil utvikle ein samarbeidsmodell og organisasjonsform med formål å bli gode vertskapskommunar.

? Busetting av flyktingar har mykje til felles med andre tiltak vi arbeider med innan rekruttering og tilflytting. Det vil vere behov for bustad, språkopplæring, og ein godt utvikla vertskaps-funksjon. Det vil vidare bli behov for arbeidstreningsplassar, integrering og sosialisering. Dette er felles for alle grupper av tilflyttarar, sjølv om dei ulike gruppene naturlegvis treng ulik grad av tilrettelegging. Vi vel difor å sjå busetting av flyktingar som ein del av tilflyttingsarbeidet, og samkøyrer dei ulike tilboda og behova.

- Vi vil betre omdømmet og snu befolkningsutviklinga:

? Gjennom å bli gode på mottak og vertskap, og deretter bruke det aktivt i profilering av kommunane vil vi og auke attraktiviteten for tilflytting, da kommunar med eit godt lokalt apparat virker tryggande ved val av flyttestad.

Tiltak og resultat:

- Vertskapskontor
- Betre vertskap for tilflyttarar
- Forenkle tilflyttarprosessen
- Avlaste bedrifter og det offentlege i rekrutteringssituasjonar med basistilbod som bustad, sosialisering, inkludering og finne fram i tenestetilbodet til kommunen.
- Kartlegging av tilflyttarar
- Større kjennskap til til- og fråflytting kan bidra til iverksetting av nødvendige tiltak for bulyst og busetnad.
- Språkopplæring
- Effektivisering av språkopplæringa; fleire skal få eit betre tilbod tidlegare
- Fleire utanlandske arbeidstakarar i lokale bedrifter og det offentlege
- Informasjon på fleire språk
- Enklare å finne den nødvendige informasjonen
- Møteplassar:
- Gir tilflyttarar kjensla av å bli sett og ønska velkommen
- Betre og raskare inkludering
- Meir trivsel og bulyst
- Samarbeid med lag og organisasjonar
- Ufarleggjer møte mellom tilflyttarar og eksisterande samfunnsliv
- Nye og fleire ildsjeler i organisasjonane
- Språkpraksis
- Raskare og betre inkludering
- Felles magasin til alle husstandar i kommunane
- Felles bevisstgjerung av vertskapsrolla og synleggjering av lokale aktivitetar
- Delprosjekt: Offentleg entreprenørskap Sunndal
- Verdiskaping innanfor offentleg tenesteyting
- Fleire arbeidsplassar med utspring i opparbeidd kompetanse

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
----------	------	------------------	-------

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1 6650 SURNADAL	90606126
<b>Kontakt- person</b>	Anne Saltrø Polden	Surnadal kommune Bårdshaugvegen 1 6650 SURNADAL	90606126
<b>Prosjekt- leder</b>	Anne Saltrø Polden	Surnadal kommune Bårdshaugvegen 1 6650 SURNADAL	90606126

### **Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja**

Surnadal og Sunndal kommune har fått tilskot frå Møre og Romsdal Fylkeskommune til prosjektet NordmørsTrainee/Fram Trainee, som undervegs har skifta namn til Sjøkk Nordmøre - Trainee. Opprinneleg stod Næringsutviklingsselskapa Profero AS (Surnadal) og SUNS (Sunndal næringssselskap) som søkar, men Profero AS, der Surnadal kommune var hovedaksjeeier har redusert sin aktivitet, og har per d.d ingen ansatte, så prosjektet blir drifta av samarbeidskonstelasjonen Plan og utvikling ved Surnadal kommune og SUNS. under prosjektleiing av Anne Lise With Wullum, informasjonsansvarleg i Surnadal kommune

Møre og Romsdal Fylkeskommune innvilga 400.000,- til Trainee-prosjektet sommaren 2012

## **Spesifikasjon**

### **Bakgrunn**

Både Surnadal og Sunndal er representative kommunar for indre Nordmøre kva folketalsutvikling angår. Bedrifter i regionen gir uttrykk for at det er vanskeleg å rekruttere godt kvalifiserte kandidatar til strategiske nøkkelstillingar. Konsekvensen av dette er avgrensa moglegheit til å drive med innovasjon og utvikling innanfor basisområda marknad, produkt, drift og organisasjon.

Surnadal har dei siste åra gjort seg ein del erfaringar kring busetting av arbeids-innvandrarar, Sunndal har lang erfaring med busetting av flyktningar. Dette er erfaringar vi, gjennom å samarbeide framover, kan utveksle og dra nytte av begge vegar. Som og NIBR konkluderer med i sin rapport "Derfor blir vi her" – innvandrarar i Distrikts-Norge, viser det seg at medan flyktningane ofte får god oppfølging og informasjon gjennom flyktningetenesta lokalt, blir arbeids-innvandrarane meir overleitt til seg sjølv, med dårlege og ofte dyre språkkurs, og lita kontaktflate mot det norske samfunnet.

Bustadsmarknaden på små stader er ofte lukka, og du må ha gode nettverk og lokalkjennskap for å nå igjennom. Dette skapar vanskar, uansett korleis tilflyttar-gruppe du tilhører. Innvandrarar er og som andre, dei vil gjerne eige framfor å leige, og det kreves ei samkøying av informasjon kring startlån, bostøtte og anna tilrettelegging for bustadkjøp. Det kreves og tiltak for å opne leigemarknaden, og for å unngå diskriminering.

Mindre stader, som våre kommunar, har ofte problem med rekruttering til kompetanse-krevjande stillingar, på grunn av at det ofte er to personar som da er avhengige av å få jobb samtidig. "Jobb til nr 2"-problematikken er vi nøydte til å finne betre løysingar på, og vi må motivere både kommunane,

som representerer dei største arbeidsgjevarane lokalt, og næringslivet til å halde fokus på, og samarbeide kring dette. Vi vil gjennom møteplassar i næringslivet, fokus på problematikken og betre kommunikasjon og meir langsiktig og strategisk planlegging bidra til betre løysingar?

Kommuneadministrasjonen kan ikkje sørge for integrering, det kreves innsats frå heile lokalsamfunnet. Difor er vi avhengige av eit utstrakt samarbeid med næringsliv og lag og organisasjonar for å lukkast. Dette krev koordinering, bevisstgjerung og motivering. Vi ønskjer å utvikle ein samarbeidsmodell mellom kommunane og internt i kommunane som knyter saman dette på ein hensiktsmessig måte. Vi ønsker og å flytte fokus frå integrering, som ofte dreier seg om å få dei nye til å bli som oss, til inkludering, som er ei større forståing for at ulikskap er ei beriking for oss alle.

### **Prosjekt mål**

Vi skal, gjennom sterkare samarbeid og koordinering av aktivitetar mellom kommunane, og internt i kommunane mellom det offentlege, lag og organisasjonar og næringsliv, få folk til å trivast og bli buande. Skal vi sørge for at tilflyttarar, og da især med tanke på flyktningar og arbeidsinnvandrarar blir buande, må vi iverksette tiltak som skapar tilhøyrighet til staden.

- Dei som bur her skal trivast!  
? Det har vore gjennomført fleire undersøkingar, som Borgarundersøkinga i 2011, i kommunane dei siste åra, og resultatata av dei viser at innbyggjarane trives og er fornøgd. Difor ser vi behovet for å rette fokuset mot dei som kjem flyttande/nyleg har flytta hit. Antal vidareflyttere skal ned.
- Vi vil auke vår kompetanse innan vertskap  
? Vi vil reise til Haram og Herøy kommunar, som har arbeidd mykje med busetting av arbeidsinnvandrarar, og til Molde, som har gode resultat innan busetting av flyktningar. Kopla mot egne erfaringar vil det gje oss eit godt utgangspunkt for å løyse våre utfordringar
- Vi vil utvikle ein samarbeidsmodell og organisasjonsform med formål å bli gode vertskapskommunar.  
? Busetting av flyktningar har mykje til felles med andre tiltak vi arbeider med innan rekruttering og tilflytting. Det vil vere behov for bustad, språkopplæring, og ein godt utvikla vertskaps-funksjon. Det vil vidare bli behov for arbeidstreningsplassar, integrering og sosialisering. Dette er felles for alle grupper av tilflyttarar, sjølv om dei ulike gruppene naturlegvis treng ulik grad av tilrettelegging. Vi vil difor å sjå busetting av flyktningar som ein del av tilflyttingsarbeidet, og samkøyrer dei ulike tilboda og behova.
- Vi vil betre omdømmet og snu befolkningsutviklinga:  
? Gjennom å bli gode på mottak og vertskap, og deretter bruke det aktivt i profilering av kommunane vil vi og auke attraktiviteten for tilflytting, da kommunar med eit godt lokalt apparat virker tryggande ved val av flyttestad.

### **Forankring**

Å auke attraktiviteten, omdømmet, arbeide for ei sunnare befolkningsutvikling og bidra til å sikre næringslivet rett kompetanse framover er både eit uttalt regionalt og lokalt mål. Dette er godt

forankra i begge kommunar. Surnadal kommune søker på vegne av utviklingsaktørane i kommunane.

- Samarbeidet mellom kommunane har vore oppe på felles formannskapsmøte, og er gjeve full oppslutning. Rekruttering er eit av fem samarbeidsområder som er beskive, saman med etablerarveiledning/entreprenørskapsatsing, bedriftsretta tiltak, kompetansetiltak og møteplassar.
- Surnadal kommune vedtok og i november 2012 å vidareføre samarbeidet med Placement, i same sak vart det og fatta eit vedtak der Plan og utvikling vart bedt om å arbeide ut eit større og meir heilheitleg tilflyttingsprosjekt for perioden 2013 – 2015.
- Surnadal kommune har teke initiativet til ein felles prosjektsøknad for Surnadal og Sunndal kommune på Bulystmidlar, prosjektet er drøfta på felles møte mellom Sunndal Næringssselskap AS og Plan og Utvikling, Surnadal 31.januar og 12.februar 2013.

Det strategiske samarbeidet mellom Sunndal og Surnadal åpnar for at fleire utviklings-aktørar og kommunar i regionen kan henge seg på. Ved presentasjon av næringsutviklingssamarbeidet uttala ordførarane Ståle Refstie i Sunndal og Mons Otnes i Surnadal: "Vi ser et sterkt behov for å samle utviklingsmiljøene i området og utnytte ressursene betre...Vi håper at fleire miljøer synes dette virker så spennende at de ønsker å henge seg på". Sunndal og Surnadal er første steg, men vidare utvikling av sam-arbeidet vil føre til gevinstar for fleire kommunar i regionen.

### **Prosjektorganisering**

Surnadal kommune og Sunndal kommune har vald å organisere næringsutviklings-arbeidet sitt på ulik måte. Surnadal har bygd opp og styrka eige utviklingsapparat internt i kommunen betrakteleg, med nyttilsett kommunalsjef Næring og utvikling og ei eiga Plan og utviklingsavdeling med tre ansette i stab under rådmann. Avdelinga arbeider tett mot næringslivet, og politikarane disponerer og vedtek fordeling av kommunen sitt næringsfond. I Sunndal ivaretek Sunndal Næringssselskap AS næringsutviklingsarbeidet på vegne av hovedeigar Sunndal kommune.

Sjekk Nordmøre med fokus på vertskap og rekruttering er organisert med ei overordna styringsgruppe bestående av politisk og administrativ leiing og representantar frå dei ulike samarbeidspartnarane. Styringsgruppa gir mandat til koordinator, som brukar arbeidsgruppa aktivt til rådgeving og aktivitet. Koordinatorrolla skal samkøyre aktivitetane i dei to kommunane og sørge for at dei dreg nytte av kvarandre sine fortrinn.

Sjå vedlagt prosjektbeskriving for skisse av prosjektorganiseringa.

### **Samarbeidspartnere**

- Surnadal kommune
- Sunndal kommune via Sunndal Næringssselskap AS
- Flyktningetenesta i Sunndal kommune
- Næringslivet i kommunane
- Lag og organisasjoner i kommunane
- Nabokommunane
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Distriktssenteret - Rådgeving under prosjektperioden

## Aktiviteter

Etablering av vertskapsfunksjon i kommunane:

### 1. Vertskapskontor

Dette skal fungere som ei lokal rådgivingsteneste for alle tilflyttarar. Denne skal vere personifisert, og kontaktinformasjon går ut via "Velkomstbrev" sendt ut via posten til alle som melder flytting inn. Her kan du som innflyttar få informasjon om viktige basisfunksjonar som blant anna:

- Bustad
- Språkkurs
- Kartleging av kompetanse, og hos ektefelle av arbeidsinnvandrarane
- Marknads plass på internett: Sjekk Nordmøre –
- ? Bustader
- ? Ledige stillingar
- ? CV-bank

### 2. Kartlegging av tilflyttarar

Vi ønskjer å kartlegge kven som kjem flyttande til kommunane, og deira ektefeller. Alle som melder flytting får tilsendt eit velkomstbrev gjennom flyttemeldingstenesta til posten. Her blir samtlege ønska velkommen og blir oppfordra om å sende ein epost til vertskapskontoret slik at ein blir registrert som nyinnflytta og kan få tilsendt informasjon om møteplassar og anna tilbod.

### 3. Språkopplæring

Språkopplæring blir i dag gjeve gjennom vaksenopplæringa i begge kommunane (i dag Internasjonal skole i Sunndal, men endrar snart namn til Vaksenopplæringa der og). Vi ønskjer gjennom prosjektet å utvikle tilboda, særleg til arbeidsinnvandrarane, og redusere prisen for den enkelte. Vi ønskjer å organisere språktreningsgrupper samane med frivillige organisasjonar, som Folkeuniversitet, friundervisninga og andre, og lage eit system der aktørane får ein reduksjon i prisen dersom dei deltek og fullfører språkpraksisen gjennom gruppene.

Denne språktreninga ønskjer vi og tett samarbeid med dei aktuelle arbeids-gjevarane på, og det har og vore etterlyst frå dei eit betre og meir fleksibelt tilbod.

### 4. Informasjon på fleire språk

Informasjon på heimesidene til kommunane, i tillegg til Sjekk Nordmøre sine sider skal finnast på fleire språk. Fleire lokale aktørar med nettsider vil bli oppfordra til å gjere informasjonen tilgjengeleg på fleire språk.

### 5. Møteplassar:

Vi meiner at det er viktig å benytte seg av eksisterande arenaer og møteplassar som eksempelvis lokale lag og organisasjonar har. Desse må synleggjerast for dei som ikkje er lokalt kjende. I tillegg vil vi prioritere:

- Kvartalsvise velkomstkveidar for tilflyttarar i kvar kommune med felles informasjonsstrategi.
- Lokale nettverk for nyttilsette på tvers av bransjar, etter modell av nettverk i Kristiansund (Arena).
- Kvinnekraftverk
- Sjekk Nordmøre
- o Elektronisk møteplass

o Fysisk møteplass

#### 6. Samarbeid med lag og organisasjonar

Vi vil involvere lag og organisasjonar til å delta i inkluderingsarbeidet, og samtidig arbeide aktivt for å informere tilflyttarar om at ein effektiv måte å bli inkludert i lokalsamfunnet på, er å delta i denne type aktivitet. Lokale lag og organisasjonar vil bli utfordra på å bidra med aktivitetsskveldar retta mot tilflyttarar i ei organisert form over ein gjeven tidsperiode.

#### 7. Språkpraksis

Ved etablering av språkpraksisplassar gjennom flyktningearbeidet (introduksjonsprogrammet) vil vi arbeide for at det same tilbodet kan gjelde ektefeller av arbeidsinnvandrarar og familiegjenforente. Sjå og pkt 3 og 6.

#### 8. Felles magasin til alle husstandar i kommunane

Vi ønskjer å gje ut eit magasin til alle husstander i Sunndal og Surnadal to gonger i året. Dette skal ha eit fokus på inkludering, det skal gje eit godt bilde av næringsliv, lag og organisasjonar, kulturliv og anna lokalt stoff. Det skal nyttast til å presentere "halvårets tilflyttare", og det skal presentere lag og organisasjonar med kontaktpersonar, slik at det skal bli enklare å finne fram i jungelen av frivillighet. Informasjonen blir og nytta på Sjekk Nordmøre sine heimesider, og dette blir eit spleiselag mellom næringslivet som blir presentert, og bolystprosjektet.

#### 9. Delprosjekt: Offentleg entreprenørskap Sunndal

Sunndal Næringssselskap AS ynskjer saman med innvandrartenesta og Sunndal asylmottak å arbeide for å utvikle kommersielle tenester basert på opparbeidd kompetanse innan innvandrartenesta. Til dømes tolketenester retta mot helse, undervisning, barnevern og barnehage både lokalt, regionalt og nasjonalt. Dette er òg eit tiltak for å få integrert innvandrarane i arbeidslivet.

### **Målgrupper**

Målgruppe for prosjektet er tilflyttarar, inklusive heimattflyttarar, andre tilflyttarar arbeidsinnvandrarar, flyktningar og familiegjenforente. I tillegg definerer vi og kommunane og næringslivet som ei målgruppe, fordi framskriving av befolknings-utviklinga syner at rekruttering av arbeidskraft blir ei av dei store utfordringane framover.

Involvering og synleggjering er avgjerande for å lykkast.

1. Generell marknadsføring av prosjektet gjennom internett, sosiale media, lokale media, brosjyrar og deltakarstyrte aktivitetar og møteplassar.
2. Prosjektet og innflyttarkontoret skal ha ein sentral plassering i kommunane, i Surnadal som ein integrert del av Plan og Utvikling i rådmannens stab, i Sunndal som ein del av SUNS.

### **Resultat**

- Vertskapskontor
- Betre vertskap for tilflyttarar
- Forenkle tilflyttarprosessen
- Avlaste bedrifter og det offentlege i rekrutteringssituasjonar med basistilbod som bustad, sosialisering, inkludering og finne fram i tenestetilbodet til kommunen.
- Kartlegging av tilflyttarar

- Større kjennskap til til- og fråflytting kan bidra til iverksetting av nødvendige tiltak for bulyst og busetnad.
- Språkopplæring
- Effektivisering av språkopplæringa; fleire skal få eit betre tilbod tidlegare
- Fleire utanlandske arbeidstakarar i lokale bedrifter og det offentlege
- Informasjon på fleire språk
- Enklare å finne den nødvendige informasjonen
- Møteplassar:
- Gir tilflyttarar kjensla av å bli sett og ønska velkommen
- Betre og raskare inkludering
- Meir trivsel og bulyst
- Samarbeid med lag og organisasjonar
- Ufarleggjer møte mellom tilflyttarar og eksisterande samfunnsliv
- Nye og fleire ildsjeler i organisasjonane
- Språkpraksis
- Raskare og betre inkludering
- Felles magasin til alle husstandar i kommunane
- Felles bevisstgjerung av vertskapsrolla og synleggjering av lokale aktivitetar
- Delprosjekt: Offentleg entreprenørskap Sunndal
- Verdiskaping innanfor offentleg tenesteyting
- Fleire arbeidsplassar med utspring i opparbeidd kompetanse

### **Effekter**

- Auke bulyst og trivsel
- Auka fødselstal
- Betre omdømme
- Fleire tilflyttarar
- Kjennskap til alle tilflyttarar i kommunane
- Samordna rekrutterings og vertskapsatsing
- Fleire utlyste stillingsannonsar
- Kartlegge dei som ynskjer det for å bidra til at dei når sine mål
- 70% av flyktningane skal vere i ordinært arbeid eller vidare utdanning etter introduksjonsperioda på 2 år
- Enklare å rekruttere og behalde kompetent arbeidskraft
- Ein sterkare og meir robust felles region
- Fylle omgrepet "felles bu- og arbeidsmarknadsregion" med konkret innhald
- Ein meir åpen region som synleggjer arbeidsmulegheitene
- Enklare for nr 2 å få seg arbeid
- Betre inkludering av tilflyttarar som i tur skapar stabilitet og mangfald
- Holdningsendringar:
- Bevisst rekrutteringsarbeid i næringar og det offentlege
- Eit felles samarbeid i ein større region mot viktige utfordringar på tvers av offentlig-, privat- og frivillig sektor

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Vi søker om støtte til eit prosjekt over to og eit halvt år, med oppstart i august 2013.

- Vertskapskontor

Oppbygging, definering av arbeidsoppgaver, bemanning i løpet av 2013

Drift i 2014 og 2015

- Kartlegging av tilflyttarar

Fortløpande frå prosjektstart i begge kommunar. Etterspørsel og interesser her vil og påverke prioriteringa av rekkjefølga på prioritering av mobilisering av lag og organisasjonar

- Språkopplæring

Etablere språkgrupper i samarbeid med lokale lag frå hausten 2013

Organisere og marknadsføre språkkurs for arbeidsinnvandrarar frå hausten 2013. Knytte opp mot praksisgruppene.

- Informasjon på fleire språk

Oppstart hausten 2013 i samarbeid med informasjon og servicekontora i kommunane. Vidareføre og motivere andre sentrale lokale nettstader til å sette i gang arbeidet utover 2014.

- Møteplassar:

Prioritere informasjon på eksisterande møteplassar frå oppstart 2013. Viktig oppgåve for prosjektleiar å utvikle dei skisserte møteplassane utover frå 2014

- Samarbeid med lag og organisasjonar

Sjå tidlegare punkt

- Språkpraksis

Opprette kontakt mot næringslivet hausten 2013. Koordinere tilbud av språkpraksis til flyktningar med tilbud til arbeidsinnvandrarar og ikkje minst partnarar.

- Felles magasin til alle husstandar i kommunane

Første utgåve før jul 2013, deretter vårutgåve og førjulsutgåve.

- Delprosjekt: Offentleg entreprenørskap Sunndal

Oppstart januar 2014 i samarbeid SUNS og Flyktningetenesta i Sunndal

Frå september 2015 er det viktig å førebu avrunding av prosjektet. Med bakgrunn i ein prosjektrapport må Surnadal og Sunndal kommune evaluere aktiviteten i prosjektperioden og finne ut kva som må vidareførast og under kva for organisering vidareføringa skal skje.

### Kostnadsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Delprosjekt Offentleg entreprenørskap		300 000				300 000
Diverse kostnader	40 000	65 000	65 000			170 000
Kvartalsvise velkomstkveldar	10 000	40 000	40 000			90 000
Magasin produksjon og utgiving	100 000	200 000	200 000			500 000
Møteplassar	60 000	100 000	100 000			260 000
Oversetting "New in ..."	30 000	10 000	10 000			50 000
Prosjektledelse/koordinat	400 000	700 000	700 000			1 800 000

<b>Tittel</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>SUM</b>
or						
Språkopplæring tilskot arb.innv.	30 000	40 000	40 000			110 000
Språkpraksis - grupper/ambassadører	30 000	60 000	60 000			150 000
Studieturar	50 000	25 000	25 000			100 000
Styrings/arbeidsgruppe	70 000	100 000	100 000			270 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>820 000</b>	<b>1 640 000</b>	<b>1 340 000</b>			<b>3 800 000</b>

### Finansieringsplan

<b>Tittel</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>SUM</b>
Eigenandel Sunndal kommune	200 000	350 000	325 000			875 000
Eigenandel SUNS delprosjekt		150 000				150 000
Eigenandel Surnadal kommune	200 000	350 000	325 000			875 000
Lokalt næringsliv	50 000	100 000	100 000			250 000
Tilskot Bulyst	300 000	600 000	600 000			1 500 000
Tilskot Bulyst delprosjekt		150 000				150 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>750 000</b>	<b>1 700 000</b>	<b>1 350 000</b>			<b>3 800 000</b>

### Geografi

1566-Surnadal, 1563-Sunndal

### Vedleggsliste

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
Prosjektsøknad bulyst 2013.docx	37 152	08.03.2013